



Møtebok

Sak nr 22/2009

Møtedato: 6.5.09

Møtestad: Slidretun

Arkiv nr:

Søknad om dispensasjon frå plan for Vaset skiheiser

Vaset sikheiser søker om å få endre trase for medbringarheis i øvste del av skiheisen. Det er i dag to parallelle heisar og dei ynskjer å dreie den eine heisen litt mot vest ovanfor det øvste hengen. I kommunedelplan er dette området regulert til LNF-område og tiltaket krev kommunal dispensasjon.

Det har vore problem med å få kjørt skiløype frå parkeringsplassen ved starten av Panoramavegen gjennom lia mot Gomostølen. Når det går to heisar har Veritas slege fast at det kan vera eit sikkerhetsproblem, når det går ein heis er ikkje dette noko problem. Størstedelen av sesongen går berre ein av heisane, og skiløype på tvers av bakken er ikkje noko problem. Det kan tenkast seg at ei slik omlegging som det er søkt om, kan føre til at berre heisane går samstundes. Dette vil då kunne føre med seg at skiløypa fell bort.

Vedtak:

Fjellstyret har ingen merknader til søknaden.

Einstemmig vedtak.

Vestre Slidre fjellstyre den 15.5.09

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Statskog